

Økonomisk naudhjelp til Vidsyn Musikkfestival 2023

Innleiing:

Helga 09. og 10. juni 2023 arrangerte me Vidsyn Musikkfestival i Rosendal. Festivalen vart arrangert heime på garden vår Vidsyn (Nesvegen 60), som ligg på oppsida av vegen ved Rosendalstunet. Det var garden/ enkeltpersonføretaket **Vidsyn Rosendal v/Hesjedal** som stod som ansvarleg arrangør av festivalen.

Dette skulle være ein feelgood musikkfestival, der det musikalske innhaldet i hovudsak kom frå dyktige artistar i etableringsfasen, med lokal eller regional tilknytning. Me hadde 9 artistar og band totalt, og tre av desse, Nanna Sofie, Marion Woodseth og DØSSI er frå Kvinnherad. Kvar kveld vart avslutta med ein meir kjent artist/band, der dePresno avslutta fredagen og Team Me avslutta laurdagen. Dei andre artistane som spelte på festivalen var Markella, Theodor Lucero, Cherry Cinema og Hannah Storm.

Me drøymmer om sommar, sol og solnedgang. Gode menneske, god musikk og god stemning. Og det vart akkurat slik som me drøymde om. Det kunne sjå ut til at alle kosa seg. Artistane fekk anledning til å vise fram musikken sin på ein profesjonell scene med herleg lyd, og publikum fekk seg mange musikalske gåver og overraskingar med nydeleg musikk som dei ikkje visste at dei likte.

Me håpa også på at dette kunne gje ein positiv synergieffekt for heile Rosendal, og handelsstanden i Rosendal arrangerte Vidsyn Marknad på kaien ved Folgefonnsenteret festival-laurdagen.

Tilbakemeldingane frå alle; artistar, publikum, frivillige og dei innleigde, var svært gode, noko som var til stor glede for ein fersk festivalarrangør. Mange ytra direkte ønskje om at dette ikkje måtte bli siste gangen Vidsyn Musikkfestival fann stad. Dette er jo veldig gledelege tilbakemeldingar.

Fakta:

Vidsyn Musikkfestival vart arrangert for første gang, og me som festivalarrangørar har aldri gjort noko liknande før. Me har like vel forsøkt å innhente så mykje kunnskap og kompetanse som me hadde anledning til på førehand, ved å snakke med andre festivalarrangørar og jobbe på andre festivalar.

Vidsyn Musikkfestival hadde satt eit tak på 1000 betalande publikummarar kvar kveld. Med tanke på budsjettet såg me for oss at me trengde omlag 600 betalande publikummarar kvar kveld for at festivalen skulle gå i balanse økonomisk. No i ettertid, når me har alle tala på bordet, viser det seg at dette stemte ganske godt.

Opp mot festivaldatoen, var billettsalet noko labert, men røynde festivalarrangørar kunne roa oss med at det var slik det no var, og at publikum brukar å vere sein med å kjøpe billett, og ser været an. For å sikra oss nok publikum, marknadsførte me oss med at det vart sett opp buss både til Odda, Utåker og Sæbøvik begge kveldane.

Været desse to dagane festivalen var, var heilt magisk, men ein god del publikum fant like vel ikkje vegen til bakkane på Vidsyn og Vidsyn Musikkfestival. Når ein no i ettertid har gått over tala, viser det seg at det fredag 09.juni var om lag 290 betalande publikummarar. Laurdag 10. juni var om lag 350 betalande publikummarar. Dette betyr at det det totale atal betalande publikum vart ca halvparten av det som me hadde budsjettert med. Dette har ført til eit underskot på NOK 338.232,25.

Rekneskap for VIDSYN MUSIKKFESTIVAL 2023:

INNTEKT			
	Sponsorinntekter	235.000,-	
	Billettsal	328.180,-	
	Sal av mat og drikke	63.865,-	
	Sal av Merch	14.934,-	
Total inntekt			641.979,-
UTGIFTER			
	Scene, lyd, lys og backline	269.926,-	
	Artistar – Honorar, kost og losji	390.280,-	
	Sikkerheit, Politi og Røde Kors	109.400,-	
	Trykk og profilering	57.638,-	
	Andre utgifter – diverse	153.000,-	
Utgifter totalt			980.244,-
BALANSE			-338.265,-

Plan for å dekkja underskotet:

Som nemnd så er det Vidsyn Rosendal v/Hesjedal som står økonomisk ansvarleg for Vidsyn Musikkfestival. Vidsyn Rosendal v/Hesjedal har drift som gjev inntekt til enkeltpersonføretaket. Så om me ikkje får henta inn kapital frå eksterne, så må dette underskotet hentast frå vår privatøkonomi. Me er i kontakt med sponsorane av festivalen, for å høyre om dei er villig til å gje oss noko økonomisk hjelp. Det er også oppretta ein Spleis for å dekke noko av underskotet. Slik dei økonomiske tidene er, både for bedriftene og privatøkonomien, går det litt tungt å skaffe kapital på denne måten.

Økonomisk nødhjelp:

Me var svært nøgd med det me klarte å få til med Vidsyn Musikkfestival, og som nemn tidlegare så vart dette akkurat slik me hadde håpa på. Det å kunne gje innbyggerane i kommunen og tilreisande ei slik musikalsk oppleving, å kunne vise fram Kvinnherad til nydelege artistar, det å kunne skape eit nytt kulturelt innslag i regionen var veldig gjevande å få til. Me gleda oss over smila og den gode stemninga og tilbakemeldingane me fekk.

Men no sitt med den bitre ettersmaken, oppvasken, eller kva ein skal kalle det. Eit økonomisk underskot på 338.265,- blir tungt å bera for ein nyoppstarta festival. Dette er pengar som ein, om me ikkje får økonomisk naudhjelp, må hente frå privatøkonomien. Dette kan vise seg å bli ei solid utfordring.

Me søker med dette Kvinnherad Kommune om økonomisk naudhjelp til Vidsyn Musikkfestival på NOK 150.000,- som tilsvara om lag 50% av festivalens underskot.

Me håpar at denne søknaden blir behandla ved første høve, då me har utlegg i forbindelse med festivalen som står til forfall.

Mvh

Ingve Hesjedal for Vidsyn Rosendal v/Hesjedal

Vidsyn Musikkfestival